



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Fyresdal Næringshage
Dato: 13.06.2019
Tid: 19:00 - 20:30

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elise Lauvrak	Martha Schrøder Momrak	AP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Une Marit Aarbakk Tangen	Konst. rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
32/19 – 43/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
Ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Une Marit Aarbakk Tangen
Konstituert rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

- | | |
|----------|---|
| PS 32/19 | Referatsaker |
| RS 13/19 | Referat frå Vest-Telemarkrådet |
| RS 14/19 | Orienteringar |
| RS 15/19 | Årsmelding og rekneskap 2018 - Fyresdal Næringshage AS |
| RS 16/19 | Rapport 2018 - Fyresdal Frivilligsentral |
| PS 33/19 | Fyresdal kommune - årsmelding 2018 |
| PS 34/19 | Rekneskap 2018 - Fyresdal kommune |
| PS 35/19 | Økonomigjennomgang pr. 1. mai 2019 |
| PS 36/19 | Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og permisjon i medhald av ny kommunelov |
| PS 37/19 | Søknad om midlar for oppgradering og ferdigstilling av uteområdet til barnehagen |
| PS 38/19 | Ny sak - Konstituering av assisterande rådmann |
| PS 39/19 | Etablering av Vestfold og Telemark revisjon IKS |
| PS 40/19 | Vertskommunesamarbeid - psykologstillingar |
| PS 41/19 | Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester mm |
| PS 42/19 | Klage på vedtak om inngjerding av uteområdet ved Bistro Teisner |
| PS 43/19 | Bompengeutgreiing for E134 Seljord-Vinjesvingen og RV 41 Vrådal-Brunkeberg |

Fyresdal 6. juni 2019

Erik skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Samrøystes for å handsame ettersendt sak 43/19 Bompengeutgreiing for E134 Seljord-Vinjesvingen og RV 41 Vrådal-Brukeberg.

PS 32/19 Referatsaker

RS 13/19 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 14/19 Orienteringar

RS 15/19 Årsmelding og rekneskap 2018 - Fyresdal Næringshage AS

RS 16/19 Rapport 2018 - Fyresdal Frivilligsentral

PS 33/19 Fyresdal kommune - årsmelding 2018

Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 21.05.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 21.05.2019

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2019

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Formannskap - 05.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 05.06.2019

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 06.06.2019

Kommentar frå Svein Slyngstad i høve mål om å vidareutvikle tilbud for barn og unge. Dette har ikkje blitt gjennomført.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med kommentaren frå Svein Slyngstad.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 06.06.2019

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Framlegg frå Nils Kristian Moe:

Det bør kome fram i årsmeldinga at stillingane innan tiltak for barn og unge er redusert med 40%.

Framlegg frå Anne Serine Nærum:

Feil navn på representant til SAMU legevakta

Kommentar frå Per Helge Seltveit:

Ber om at administrasjonen merkar seg kommentarane frå revisjonen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med dei endringane som kom fram under handsaminga.

PS 34/19 Rekneskap 2018 - Fyresdal kommune

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2018 vert godkjent slik den ligg føre. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 949 595,- vert avsett til disposisjonsfond, konto 2560023.

Handsaming i Formannskap - 05.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 05.06.2019

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2018 vert godkjent slik den ligg føre. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 949 595,- vert avsett til disposisjonsfond, konto 2560023.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2018 vert godkjent slik den ligg føre. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 949 595,- vert avsett til disposisjonsfond, konto 2560023.

PS 35/19 Økonomigjennomgang pr. 1. mai 2019

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 1. mai 2019 vert teken til vitande. Kommunestyret minner om at drifta skal haldast innanfor tildela nettoramme på den enkelte avdeling.

Rammene til avdelingane vert justera slik:

Avdeling:	Netto	Kommentar:
Rådmannen sitt ansvar	-800.000	Avdelingsleiar
Avdeling helse og omsorg	+800.000	Avdelingsleiar
Bruk av fond:		
Fellestener	+ 300.000	Bruk av rådmannens million
Rådmannen sitt ansvar	+ 175.000	Bruk av næringsfond
Avdeling pleie og omsorg	+ 150.000	Bruk av rådmannens million
Avdeling skule og kultur	+ 300.000	Bruk av rådmannens million

Avdeling for plan og teknikk	+ 204.000	Bruk av tilskuddsfond
------------------------------	-----------	-----------------------

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Tilleggsframlegg frå ordføraren:

Ekstraintekter frå sal av konsesjonskraft og utbytte på kr 1.000.000,- overførast næringsfond, konto 2510023, for å styrke årets pott for løyvingar frå næringsfondstyret.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Den økonomiske stoda pr. 1. mai 2019 vert teken til vitande.

Kommunestyret minner om at drifta skal haldast innanfor tildela nettoramme på den enkelte avdeling.

Rammene til avdelingane vert justera slik:

Avdeling:	Netto	Kommentar:
Rådmannen sitt ansvar	-800.000	Avdelingsleiar
Avdeling helse og omsorg	+800.000	Avdelingsleiar
Bruk av fond:		
Fellestener	+ 300.000	Bruk av rådmannens million
Rådmannen sitt ansvar	+ 175.000	Bruk av næringsfond
Avdeling pleie og omsorg	+ 150.000	Bruk av rådmannens million
Avdeling skule og kultur	+ 300.000	Bruk av rådmannens million
Avdeling for plan og teknikk	+ 204.000	Bruk av tilskuddsfond

Ekstraintekter frå sal av konsesjonskraft og utbytte på kr 1.000.000,- overførast næringsfond, konto 2510023, for å styrke årets pott for løyvingar frå næringsfondstyret.

PS 36/19 Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og permisjon i medhald av ny kommunelov

Innstilling frå rådmannen:

Vedlagte forslag til «Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og permisjon i Fyresdal» - med dei eventuelle endringar som kommunestyret vedtek, blir gjeldane for folkevalde i Fyresdal frå og med det konstituerande kommunestyremøtet etter valet i 2019.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Vedlagte forslag til «Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og permisjon i Fyresdal» - med dei eventuelle endringar som kommunestyret vedtek, blir gjeldane for folkevalde i Fyresdal frå og med det konstituerande kommunestyremøtet etter valet i 2019.

PS 37/19 Søknad om midlar for oppgradering og ferdigstilling av uteområdet til barnehagen

Innstilling frå rådmannen:

Det vert løyvd kr 600.000,- for å ferdigstille uteområdet i barnehagen i løpet av 2019. med dekking frå disp.fond, konto 2560026. investeringsfond

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 06.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 06.06.2019

Det vert løyvd kr 600.000,- for å ferdigstille uteområdet i barnehagen i løpet av 2019. med dekking frå disp.fond, konto 2560026 investeringsfond.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Det vert løyvd kr 600.000,- for å ferdigstille uteområdet i barnehagen i løpet av 2019. med dekking frå disp.fond, konto 2560026 investeringsfond.

PS 38/19 Ny sak - Konstituering av assisterande rådmann

Innstilling frå rådmannen:

Plan- og økonomisjef Kjersti Bergland vert konstituera til assisterande rådmann frå 01.04.2019 og fram til ny rådmann er på plass.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Plan- og økonomisjef Kjersti Bergland vert konstituera til assisterande rådmann frå 01.04.2019 og fram til ny rådmann er på plass.

PS 39/19 Etablering av Vestfold og Telemark revisjon IKS

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune tegnar seg som deltakar i Vestfold og Telemark revisjon IKS med ein eigarandel som går fram av § 4 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Fyresdal kommunestyre vedtek selskapsavtale som gjeld frå stiftinga og fram til 31. desember 2019.
3. Fyresdal kommunestyre vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020.

4. Fyresdal kommunestyre vel representant med varamedlem til selskapets representantskap. Disse representantanes valperiode vil vare fram til det nye kommunestyre er konstituert og har gjort nye val av representant hausten 2019. Som representant vert valt.....med som vara.

Handsaming i Formannskap - 05.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen. Valte representanter til Telemark Kommunerevisjon IKS i dag vert valt vidare i Vestfold og Telemark revisjon IKS.

Vedtak i Formannskap - 05.06.2019

1. Fyresdal kommune tegnar seg som deltakar i Vestfold og Telemark revisjon IKS med ein eigarandel som går fram av § 4 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Fyresdal kommunestyre vedtek selskapsavtale som gjeld frå stiftinga og fram til 31. desember 2019.
3. Fyresdal kommunestyre vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020.
4. Fyresdal kommunestyre vel representant med varamedlem til selskapets representantskap. Disse representantanes valperiode vil vare fram til det nye kommunestyre er konstituert og har gjort nye val av representant hausten 2019. Som representant vert valt Nils Vidar Pettersen med Kjell Sverre Thoresen som vara.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

1. Fyresdal kommune tegnar seg som deltakar i Vestfold og Telemark revisjon IKS med ein eigarandel som går fram av § 4 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Fyresdal kommunestyre vedtek selskapsavtale som gjeld frå stiftinga og fram til 31. desember 2019.
3. Fyresdal kommunestyre vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020.
4. Fyresdal kommunestyre vel representant med varamedlem til selskapets representantskap. Disse representantanes valperiode vil vare fram til det nye kommunestyre er konstituert og har gjort nye val av representant hausten 2019. Som representant vert valt Nils Vidar Pettersen med Kjell Sverre Thoresen som vara.

PS 40/19 Vertskommunesamarbeid - psykologstillingar

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord. Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2019

Fyresdal kommune sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.
Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 06.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 06.06.2019

Fyresdal kommune sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.
Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Fyresdal kommune sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.
Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

PS 41/19 Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester mm

Innstilling frå kontrollutvalet:

Kommunestyret tek selskapskontrollrapporten «Renovasjon og feiing» til vitande og ber rådmannen sørge for:

- at forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at sjølvkostfond i Renovest IKS så langt det er praktisk mogleg blir handsama i samsvar med reglane om sjølvkost.
- at Renovest IKS gjer eit tydeleg rekneskapsmessig skilje mellom handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.

Kommunestyret ber om at rådmannen og styreleiar i Renovest IKS gir kontrollutvalet ei skriftleg attendemelding om korleis vedtaket er følgt opp innan august 2019.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Kommunestyret tek selskapskontrollrapporten «Renovasjon og feiing» til vitande og ber rådmannen sørge for:

- at forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.

- at sjølvkostfond i Renovest IKS så langt det er praktisk mogleg blir handsama i samsvar med reglane om sjølvkost.
- at Renovest IKS gjer eit tydeleg rekneskapsmessig skilje mellom handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.

Kommunestyret ber om at rådmannen og styreleiar i Renovest IKS gir kontrollutvalet ei skriftleg attendemelding om korleis vedtaket er følgt opp innan august 2019.

PS 42/19 Klage på vedtak om inngjerding av uteområdet ved Bistro Teisner

Innstilling frå rådmannen:

Klaga blir delvis teke til fylje.

Setninga frå vedtaket 02.05.19 blir ståande.

«Skjenking ute må skje innanfor eit avgrensa og inngjerda område.»

Dette kan løysast med å nytte seg av fjernbare stolpar som heng saman med taug til å avgrense området.

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

Klaga blir delvis teke til fylje.

Setninga frå vedtaket 02.05.19 blir ståande.

«Skjenking ute må skje innanfor eit avgrensa og inngjerda område.»

Dette kan løysast med å nytte seg av fjernbare stolpar som heng saman med taug til å avgrense området.

PS 43/19 Bompengeutgreiing for E134 Seljord-Vinjesvingen og RV 41 Vrådal-Brunkeberg

Innstilling frå rådmannen:

Mulighetsstudiet for bompengeutgreiing for E134 og RV 41 viser til at det er små sjansar for å gjere eit større tiltak med det låge bompengepotensiale som ligg til grunn.

Fyresdal kommune ynskjer difor meir informasjon før ein gjeng i gang med vidare reguleringsplanar og ei full bompengeutgreiing

Handsaming i Kommunestyret - 13.06.2019

Framlegg frå Per Helge Seltveit og Thor Inge Levang:

1. Fyresdal kommunestyre viser til mulighetsstudien for E134 Seljord-Vinjesvingen og RV41 Vrådal-Brunkeberg. Kommunestyret ber Statens Vegvesen med utgangspunkt i denne å arbeide vidare med saka og utarbeide ei full bompengeutgreiing som kan gje grunnlag for lokal handsaming.
2. Kommunestyret ser det som uaktuelt å legge høgare gjennomsnittstakst enn 30 kr til grunn i det vidare arbeidet.
3. Kommunestyret føreset at kommunane i regionen, fylkeskommunen og andre berørte partar blir involvert i det vidare arbeidet.

4. Kommunestyret ber Statens Vegvesen medverke til at prosjektet også blir tilført statleg medfinansiering.

Fyresdal kommune er positive under forutsetning av at Kviteseid og Seljord også er positive.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Per Helge Seltveit og Thor Inge Levang.

Vedtak i Kommunestyret - 13.06.2019

1. Fyresdal kommunestyre viser til mulighetsstudien for E134 Seljord-Vinjesvingen og RV41 Vrådal-Brunkeberg. Kommunestyret ber Statens Vegvesen med utgangspunkt i denne å arbeide vidare med saka og utarbeide ei full bompengeutgreiing som kan gje grunnlag for lokal handsaming.
2. Kommunestyret ser det som uaktuelt å legge høgare gjennomsnittstakst enn 30 kr til grunn i det vidare arbeidet.
3. Kommunestyret føreset at kommunane i regionen, fylkeskommunen og andre berørte partar blir involvert i det vidare arbeidet.
4. Kommunestyret ber Statens Vegvesen medverke til at prosjektet også blir tilført statleg medfinansiering.

Fyresdal kommune er positive under forutsetning av at Kviteseid og Seljord også er positive.